



Klepp kommune

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Formannskapet

Sak nr. 58/04

Postboks 25

4358 Kleppe
Sosialdokumentet
Tlf 51 42 38 00

Saksnr.: 200401570	Dok.nr.: 8
Arkivkode: 416.9	Journ.dato 30.08.04
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Saksbehandler: Ivar Undheim

Arkiv: 024

Arkivsak: 04/00067-005

Møtedato: 23.08.04

ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING - HØYRING

NOU 2004: 13, ny arbeids- og velferdsforvaltning er sendt ut til høyring. Samandraget, side 13 til 29 av 304 sider, ligg ved saka, samt politisk info nr 7 frå KS.

NOU går inn på spørsmål som er, og vil vera, eit av velferdsstaten sitt grunnleggjande problem. I ein velferdsstat skal alle få eit minimum av hjelp til å kunna oppretthalde ein brukbar levestandard, både når det gjeld husvære, mat, klede og helsetenester.

I eit land med vårt klima og vårt prisnivå, ligg dette nivået nær opp til det som vil vera inntekta til ein lågtlönt i full stilling. Sjølv om me har tiltak som barnetrygd og bustøtte, endrar ikkje dette mykje på kravet til inntekt for å ha ein brukbar levestandard.

Danmark har valt ei løysing der ein i prinsippet har arbeidsplikt for alle. Ein må yta det bidraget ein kan, for å få utbetalt mellom anna sosialhjelp (bistand) og uføretrygd. Forsøk i Norge med arbeid for sosialhjelp, har ikkje blitt særleg vellukka, då det krev stor innsats i oppfølging, samt mange statlege byråkratiske hinder.

Kompleksiteten i arbeidslivet har auka. Det er aukande krav til både kunnskap, fleksibilitet og effektivitet hos dei tilsette. Dette betyr at det er mindre plass til dei som ikkje oppfyller dei nye krava. Terskelen for å koma inn i arbeidslivet er høgare enn før. I særleg grad gjeld dette i den delen av arbeidslivet som betaler meir enn offentlege ytingar.

For dei fleste har det å ha eit arbeid ein verdi i seg sjølv. Dei som har kome inn i eit offentlig stønadssystem, vil ofte måtta ha tilnærma full stilling for å passera det dei faktisk sit at med i offentlege ytingar. Mange av det ein kan kalle "inngangsstillinger" til arbeidslivet er deltidsstillinger. Ein deltidsstilling vil kunna føra til at alt ein tener blir trekt frå krone for krone i den offentlege ytinga som ein får.

Norge har 3 etatar som i hovudsak arbeider med desse problemstillingane, trygdeetat, aetat og kommunane (sosialkontor og tiltakskontor).

Problema har i størst grad knyta seg til aetat. Denne etaten har fungert dårleg i årtider. Det arbeidet dei bør gjera, bør vera individbassett og fleksibelt, mens dei er styrde av store, detaljrike og kortsiktige byråkratiske system. Gjennomgåande har norske sosialkontor medarbeidarar med meir kompetanse enn aetat har. For å oppfylle statlege målsetjingar, har jobben i aetat i stor grad vore prega av bortdefinering av dei som har søkt hjelp der.

Rådmannen har lita tru på forslaget i NOU-en, som vil henta pengar frå kommunane for å styrke aetat. Me kan lett få langt mindre ut av dei offentlege kronene i dag. Der NOU

spekulerer i innsparing på 1 % som vil gje milliardar over 10 år, kan me lett få samfunnsmessige tap på 5 %, som følgje av dei foreslåtte endringane, som igjen vil gje tap på 20 - 40 milliardar over 10 år.

Dei forholda som ein ønskjer å løysa, er langt meir omfattande enn det som lar seg løyse med å flytta nokre kroner frå kommunane til ein ineffektiv aetat. I så måte ville det truleg vore meir fornuftig om staten hadde gått direkte inn og jobba med forbetringar innan aetat.

Skal det gjerast organisatoriske endringa, bør ein heller sjå nærare på det som er kalla modell 2, der kommunane får ei større rolle i oppfølging av arbeidslina.

Men skal kommunane koma vidare med arbeidslina, må det vera eit økonomisk fundament for dette.

Ein kombinasjon av uføretrygd eller tilsvarande frå staten og "oppmuntringspengar" frå kommunen, til dei som ikkje maktar den ordinære arbeidsmarknaden, kunne skaffa ein meir meningsfull kvardag for fleire. Kommunane har ei rekkje oppgåver som kunne vore gjort, men som ein ikkje har råd til å gjera. Oppgåver som om det blei utført, ville vore med å styrkja velferdssamfunnet, både i form av meir omsorg og i form av fellesgoder.

Vedlegg:

NOU 2004: 13, ny arbeids- og velferdsforvaltning, samandraget, side 13 til 29.
Politisk info nr 7 frå KS.

Innstilling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:


Klepp kommune støtter ikkje forslaget om overføring av oppgåver frå kommunane til staten.


I staden for utvalet sitt forslag bør ein arbeida vidare etter modell 2, der kommunane får eit større ansvar for å skaffe folk jobb. Det er viktig at staten bidreg med meir midlar og mindre detaljerte forskrifter og kontroll.

Samrøystes VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vert godkjent.

Rett utskrift, 24.08.04


Elfin Lea
ordfører


Anbjørg Wetteland
formannskapssekr.

Kopi til:
Sosialdepartementet, Postboks 8019 Dep, 0030 Oslo
KS, Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo
Kommunalsjef h/s
Klepp trygdekantor
Aetat Bryne, Postboks 104, 4349 Bryne